Fyresdal kommune

Arkiv: 210
Saksmappe: 2026/684-4
Saksbeh.: Kjersti Bergland
Dato: 06.10.2026

Saksframlegg

Økonomirapportering pr. 01.09.2026 - stab og økonomi

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	56/26	14.10.2026

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:
Rapport frå økonomisystemet.

Bakgrunn for saka:
I fylgje økonomireglementet skal kommunedirektøren minst pr. 1. mai og 1. september legge fram politisk sak til hovudutvalet om den økonomiske situasjonen på kvar sektor. Hovudutvalet skal treffe nødvendige tiltak innafor sine rammer.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for felleskapet.

På området for næringsarbeid har ein administrativt valgt å styrke bemanninga slik at ein kan ivaretake oppgåver rundt samfunnsutvikling og datasenterutbygging på ein forsvarleg og god måte. Her må ein styrke ramma med å bruke av dei fire millionane som kommunestyret tidlegare har løyvd frå disposisjonsfondet.
Samfunnsutviklingsprosjekt ein har arbeid med gjennom året vil også bli dekt av desse midlane. I rapporteringa pr. 1. mai vart det fordela tre av desse millionane og ein ynskjer nå at den seiste millionen skal gå til å dekke opp prosjekt og lønsmidlar innanfor næringsområdet.

Vi har framleis ikkje lykkast i å få tilsett lærlingar på noko område så her vil det bli innsparingar. I tillegg har vi endringar i staben som gjer at vi har innsparingar på løn då stillingar er ledige eller ute i ulønna permisjon.

Flyktningtenesta og norskopplæring er i tråd med budsjett.

NAV og Barnevernssamarbeidet melder om at drifta er i tråd med budsjett så langt i år og at det kan sjå ut til å bli mindreforbruk om det ikkje blir store endringar på slutten av året.

Konklusjon:
For å ivareta den store utviklinga som skjer i bygda har ein styrka næringsavdelinga med å bruke av disposisjonsmidlane som vart vedteke i kommunestyret i mars. Det vart tidlegare fordela tre millionar av desse og ein vil nå bruke den seiste millionen for å styrke budsjettet til næringsavdelinga.
Dei andre områda i sektoren er i tråd med budsjett.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Den økonomiske stoda pr. 01.09. for stab og økonomi takast til vitande.
Ber om at det tilførast ein million med dekkning frå disposisjonsfondet, jfr. K-sak 18/26.

Behandling i Formannskapet - 14.10.2026

Samrøystes i samsvar med innstillnga frå kommunedirektøren.

Vedtak i Formannskapet - 14.10.2026

Den økonomiske stoda pr. 01.09. for stab og økonomi takast til vitande.
Ber om at det tilførast ein million med dekkning frå disposisjonsfondet, jfr. K-sak 18/26.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef

Fyresdal kommune

Arkiv: 210
Saksmappe: 2026/692-4
Saksbeh.: Charles La
Dato: 19.10.2026

Saksframlegg

Økonomirapportering pr. 26.10.2026 - helse og omsorg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Dokument i saka:
Rapport frå økonomisystemet

Bakgrunn for saka:
I økonomireglementet står det: Kommunalsjefane skal pr. 01 mai og pr. 01. september legge fram politisk sak om den økonomiske situasjonen.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023 2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.

Sektoren har over tid vore i ein krevjande økonomisk situasjon med meirforbruk, mellom anna knytt til bemanningsutfordringar og mangel på nødvendig fagkompetanse. Fleire stillingar er lyste ut, og delar av bemanningsbehovet er no dekt. Det er likevel framleis utfordringar med å rekruttere faste tilsette og sikre tilgang på vikarar, noko som har ført til høg overtidsbruk og behov for innleige.

Bruken av bemanningsbyrå er redusert samanlikna med førre tertial, men er framleis nødvendig for å sikre forsvarleg drift. Det er og sjukefråvær i ei leiarstilling der den tilsette er på veg ut. Stillinga er lyst ut, og rekrutteringsprosessen er i gang.

Rekrutteringsutfordringane blir delvis vurderte å ha samanheng med den geografiske plasseringa til Fyresdal og avgrensa tilgang på fagkompetanse i regionen. Det er derfor behov for å styrkje arbeidet med å rekruttere og behalde tilsette.

Som ein del av omstillingsarbeidet, forankra i kommunestyrevedtak PS 84/2025, blir det arbeidd med å finne løysingar for å møte endra tenestebehov, utnytte kompetansen betre og effektivisere drifta, mellom anna gjennom digitale verktøy og velferdsteknologi. Arbeidet er framleis i ein tidleg fase, og det er førebels for tidleg å vurdere kva tiltak som blir aktuelle, og kva økonomisk effekt dei kan gi.

Arbeidet med ny helse- og omsorgsplan er og i gang. Planen er venta ferdig i oktober og skal etter planen leggjast fram til politisk handsaming i november.

Pleie- og omsorgssenteret (POS)

POS har framleis lågt belegg, noko som gir lågare inntekter enn budsjettert. Det er forsøkt å tilpasse bemanninga til belegget, mellom anna ved å nytte bemanning tilsvarande helgenivå på vekedagar. Tiltaka har førebels ikkje gitt synleg økonomisk effekt. Samstundes fører mangel på vikarar ved fråvær og ferieavvikling til behov for overtid for å sikre forsvarleg drift.

Heimesjukepleia og TTF
Bemanningssituasjonen er framleis krevjande i både heimesjukepleia og TTF. I heimesjukepleia er det hol i turnusen, men det er ikkje tilstrekkelege lønsmidlar i budsjettet til å dekkje bemanningsbehovet gjennom faste tilsetjingar. I TTF er utfordringane særleg knytte til mangel på fagkompetanse, og det er lyst ut vernepleiarstillingar.

Det er og sett i gang ein gjennomgang av tenestetilbodet til kvar enkelt brukar i TTF og heimesjukepleia. Målet er å sikre tenester tilpassa brukarane sine behov, rett bruk av kompetanse og betre ressursutnytting.

Avdeling helse og legetenesta
Det er venta lågare tilskotsinntekter til legevakttenesta som følgje av at søknadsfristen ikkje vart halden. Fødselspermisjon hos flere lege i Nordsjøturnus har og medført auka overtidskostnader og større belastning på tenesta. Det er tilsett personell innan psykisk helse og miljøarbeid, med oppstart i byrjinga av november. Fyresdal kommune har og inngått samarbeidsavtale med Nissedal kommune som vertskommune om ergoterapitenester.

Konklusjon:
Sektoren har framleis økonomiske utfordringar, særleg knytte til bemanning, overtid og innleige. Det er sett i verk fleire tiltak, men det er førebels for tidleg å vurdere den samla økonomiske effekten. Det vidare omstillingsarbeidet skal bidra til betre ressursutnytting, meir stabil bemanning og ei meir berekraftig drift, samtidig som forsvarlege tenester blir ivaretekne.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Den økonomiske rapporten frå sektor helse og omsorg pr. 1. september 2026 vert teken til vitande.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Charles La
	kommunalsjef helse og omsorg

Fyresdal kommune

Arkiv: 210
Saksmappe: 2026/687-4
Saksbeh.: Lars Erik Storm Loraas
Dato: 20.10.2026

Saksframlegg

Økonomirapportering pr. 01.09.26

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg

Dokument i saka:

Rekneskapsrapport frå økonomisystemet

Bakgrunn for saka:

Kommunedirektøren skal minst pr. 1. mai og 1. september legge fram politisk sak til hovudutvalet om den økonomiske situasjonen på kvar sektor.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.

Sektoren for kultur og oppvekst ligg, slik tala viser per i dag, an til eit meirforbruk på 3,6 millionar kroner. Meirforbruket kan bli noko redusert dersom forventa refusjonar kjem inn.

Gimle skule

Gimle skule ligg an til eit meirforbruk på 2,8 millionar kroner.

Årsaker:

Det er budsjettert med at skulen skulle vere nedbemanna frå august 2026. Dette er ikkje gjennomført. Lønskostnadene utgjer eit meirforbruk på 2,4 millionar kroner.

Denne månaden hadde Gimle skule eit meirforbruk på fastløn på 328 769 kroner samanlikna med budsjettert nivå. Dette svarar til om lag fem årsverk som ikkje er kutta.

Forventa inntekter:

- Refusjon knytt til lønsoppgjeret.
- Refusjon av sjukepengar.
- Mogleg refusjon av IMDi-midlar.

Tiltak:

- Ledige stillingar skal ikkje erstattast.
- Neste budsjettår bør delast i to budsjettperiodar: 7/12 av årsbudsjettet for januar–juli og 5/12 for august–desember. Fleire vikariat går ut i juli og skal ikkje erstattast.

Barnehagen

Barnehagen ligg an til eit meirforbruk på om lag 340 000 kroner.

Det er lyst ut ei barnehagelærarstilling på 60 prosent, då ein barnehagelærar i tilsvarande stillingsprosent sluttar.

Årsaker:

Barnehagen har fått eit lågare budsjett enn året før. Barnehagen følgjer minstenorma for bemanning, og det er derfor avgrensa høve til å redusere lønskostnadene ytterlegare.

Forventa inntekter:

- Refusjon knytt til lønsoppgjeret.
- Refusjon av sjukepengar.
- Refusjon knytt til vidareutdanning.

Kulturarbeid

Kulturarbeidet ligg an til eit meirforbruk på 357 000 kroner. Det er venta ein refusjon på 300 000 kroner, noko som vil redusere det venta meirforbruket til om lag 57 000 kroner. Dette inneber at området nærmar seg budsjettbalanse.

Øvrig kultur

Øvrig kultur ligg an til å gå i balanse.

Konklusjon:

Pr. 01.09.26 ligg sektoren på eit merforbruk på ca. 2,8 millionar.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg tek den økonomiske stoda i sektoren pr. 01. september 2026 til orientering.

Fyresdal kommune

Arkiv: 210
Saksmappe: 2026/708-4
Saksbeh.: Halvor Homme
Dato: 15.10.2026

Saksframlegg

Økonomirapportering pr. 1.9 2026 - Plan og teknikk

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		20.10.2026

Endeleg vedtaksrett i saka har: hovudutval for plan og miljø

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:
I samband med tertialrapporteringa rapporterer kommunalsjefane til sine respektive utval om den økonomiske situasjonen innan sektorane. Denne rapporten gjeld plan og teknikk per 1. september 2026, med rekneskap til og med 31. august.

Ved første tertial hadde sektoren eit meirforbruk som i stor grad var knytt til ekstra aktivitet i samband med datasenteretableringa på Molandsmoen. Kommunestyret har løyvd ekstra midlar til dette arbeidet, og delar av midlane er no tilførte sektoren.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til det beste for felleskapet.

Samla viser rekneskapen eit meirforbruk på om lag 200 000 kroner. Sektoren er dermed tilnærma i balanse. Tilførselen av ekstra midlar har kompensert mykje av meirutgiftene som vart omtalte ved første tertial.

Ansvar 1310 teknisk har eit større meirforbruk. Ein vesentleg del av avviket gjeld kommunale avgifter og ser ut til å vere knytt til endra fakturering eller periodisering. Årsaka må avklarast nærare, men avviket er venta å jamne seg ut utover året. Det registrerte meirforbruket på området er difor ikkje utan vidare uttrykk for eit tilsvarande venta meirforbruk ved årsslutt.

Ansvar 1320 reinhald har eit mindreforbruk på nær 300 000 kroner. Ansvar 1300 Plan har eit mindreforbruk på ca. 200 000 kroner. Sjølvkostområda vatn, avløp og renovasjon er om lag i balanse. Næringsområdet som gjeld næringsutleige har eit positivt avvik som bidreg til å redusere det samla meirforbruket i sektoren.

Gebyrinntektene frå mellom anna oppmåling og byggesak kjem no inn og er i tråd med budsjettet. Inntektsutviklinga er positiv og bidreg til eit betre samla økonomisk bilete enn ved første tertial.

Aktiviteten i sektoren er framleis høg, særleg i samband med datasenteretableringa og andre utbyggingsoppgåver. Ein vesentleg del av arbeidet er knytt til investeringsbudsjettet. Det er viktig å følgje opp korrekt føring og fordeling av kostnader mellom drift og investering.

Utviklinga så langt gjev grunnlag for å vente balanse ved årsslutt. Budsjettet blir følgt tett resten av året, med særleg merksemd på periodisering av kommunale avgifter, gebyrinntekter og attståande driftskostnader.

Konklusjon:
Sektor for plan og teknikk er per 1. september 2026 tilnærma i balanse, med eit samla meirforbruk på om lag 200 000 kroner. Ekstra midlar til datasenteretableringa og gebyrinntekter i tråd med budsjettet har betra situasjonen sidan første tertial. Med atterhald om den vidare kostnads- og inntektsutviklinga er prognosen balanse ved årsslutt.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Økonomirapporteringa for sektor for plan og teknikk per 1. september 2026 vert teken til orientering.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk

Fyresdal kommune

Arkiv: 210
Saksmappe: 2026/671-4
Saksbeh.: Kjersti Bergland
Dato: 06.10.2026

Saksframlegg

Økonomirapportering finans pr. 01.09.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	55/26	14.10.2026

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:
Rapport frå økonomisystemet.

Bakgrunn for saka:
I fylgje økonomireglementet skal kommunedirektøren minst pr. 1. mai og 1. september legge fram politisk sak til hovudutvalet om den økonomiske situasjonen på kvar sektor. Hovudutvalet skal treffe nødvendige tiltak innafor sine rammer

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035;Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for felleskapet.

Konsesjonskraftstyret i Telemark har kome med eit revidert budsjett for 2026 som viser at vi kan forvente ei meirinntekt på sal av konsesjonskraft på om lag 7 millionar kroner i år.

Skatteinntekter har også ein auke i år i forhold til det som er lagt inn i budsjett med nokre millionar. Her må auken sjåast i samanheng med rammetilskotet og inntektsutjevninga som då vil bli redusera noko. Ein kan likevel forvente nokre millionar i ekstrainntekter også her.

Utbytte frå selskap vi har eigarinteresser i var opprinneleg budsjettera med 8,6 millionar, og seinare justera til 12,1 millionar. Men her vil vi få ein betydeleg auke. Fyresdal Vekst AS har anslått eit utbytte på 80 millionar og VTK Holding as har også eit høgare utbytte i år enn det som var forventa. I tillegg har vi også fått utbytte frå Vest Telemark Næringsbygg as i samband med avviklinga der.
Ein kan nå auke inntektene frå utbytte med 83 millionar som kan avsettast til disposisjonsfond.

Konklusjon:
Auke i sal av konsesjonskraft, skatteinntekter og utbytte frå selskap der vi har eigarinteresser utgjer 92 millionar i ekstrainntekter utover budsjett. Dette er inntekter som bør avsettast til disposisjonsfond for å styrke dette fondet.
Andre utgifter og inntekter om finansområdet ligg i tråd med budsjett.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Ekstrainntekter frå sal av konsesjonskraft, skatteinntekter og utbytte frå selskap på 92 millionar avsettast til disposisjonsfond.

Behandling i Formannskapet - 14.10.2026

Samrøystes i samsvar med innstillnga frå kommunedirektøren.

Vedtak i Formannskapet - 14.10.2026

Ekstrainntekter frå sal av konsesjonskraft, skatteinntekter og utbytte frå selskap på 92 millionar avsettast til disposisjonsfond.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef